

## SULDAL KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Torsdag 31. januar 2013 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalsleiar Sverre Underbakke.

<b>MØTESTAD:</b>	Suldal kommunehus, formannskapssalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	kl. 09.30 – 12.40 (inkl. pause)
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Sverre Underbakke (H), Berit Myrland (SV), Tormod Skeie (SV), Solveig Sukka (Sp) og Vanja Ignjatic (H)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Ingen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Ingen frå Rogland Revisjon – noko utvalet påpeika ikkje var etter avtalen
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Fung. rådmann Dagfinn Helland, til og med sak 03/13
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	T. Skeie melde ei sak under eventuelt

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 01/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL 14.11.12**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 31.01.13:**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 31.01.13:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 02/13 REFERATSAKER 31.01.13**

1. Statusrapport pr. januar 2013
2. Årsrapport og årsrekneskap for 2012 – frå Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
3. Medlemsbrev nr. 2/2012 frå FKT

### **Handsaming i kontrollutvalet 31.01.13:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene.

Utvalet hadde nokre spørsmål til fung. rådmann:

- Konkurransetsetjing av banktenester. Lenge sidan dei hadde vore ute på anbod – kanskje vil ein få det til i løpet av året svara fung. rådmann.
- Lønnslistar og bruk av overtid. Utvalet ynskjer ein oversikt over bruken av mellom anna overtid i dei forskjellige avdelingane i kommunen.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 31.01.13:**

*Referatsakene 1 -3 blir tatt til orientering.*

## **SAK 03/13 BUDSJETT FOR SULDAL KOMMUNE 2013**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Suldal tek rådmannen sin presentasjon av vedteke budsjett for 2013 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 31.01.13:**

Fung. rådmann Dagfinn Helland orienterte om budsjettet for 2013. Utvalet hadde nokre spørsmål til rådmannen som han svara på.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 31.01.13:**

*Kontrollutvalet i Suldal tek rådmannen sin presentasjon av vedteke budsjett for 2013 til orientering.*

## **SAK 04/13 ÅRSMELDING SULDAL KONTROLLUTVAL 2012**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012  
Årsmeldinga vert sendt kommunestyret til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 31.01.13:**

Utvalet drøfta framlegget til årsmelding, og gjorde følgjande endringar: feil namn på vararepresentant under pkt. 2, ein setning under pkt. 4,7 og ein setning under pkt. 5 vert strøken.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 31.01.13:**

*Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012, med dei endringar gjort i møtet.  
Årsmeldinga vert sendt kommunestyret til orientering.*

## SAK 5/13 RAPPORT SELSKAPSKONTROLL – INTERKOMMUNALT ARKIV IKS (IKA)

### Sekretariatet si innstilling:

1. Suldal kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.
2. Rapporten vert oversendt eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.

### Handsaming i kontrollutvalet 31.01.13:

Utvalet drøfta rapporten frå Rogaland Revisjon og merka seg at sjølve primæroppgåva, arkivarbeidet, og kvaliteten på gjennomføringa av den ikkje vart omtala. Ut over det fann utvalet at selskapskontrollen var grundig.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 31.01.13:

1. *Suldal kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.*
2. *Rapporten vert oversendt eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.*

### Eventuelt

#### Korrupsjon (T. Skeie)

Har kommunen ein klar beredskap for å motarbeide korrupsjon? Utvalet ynskte ei orientering frå rådmannen på møtet 23.05.13. Korleis kan ein betre arbeidet med og avdekka/hindra korrupsjon? Er dette noko revisjonen kan bidra med?

#### Samhandlingsreforma og psykiatrien (S. Sukka)

Korleis blir psykiatriens plass tatt i vare etter innføring av samhandlingsreforma? Fastlegeordninga, og stadig utskifting av legar – korleis sikrar ein pasientane sine rettar og kvaliteten i legetenesta når dette skjer? Utvalet ynskte ei orientering frå rådmannen på møtet 25.04.13.

Neste møte er 25.04.13, kl. 09.30

Sand/Aksdal, 31.01.13

Sverre Underbakke  
Kontrollutvalsleiar

  
Odd Gunnar Høie  
Kontrollutvalssekretær